



Møre og Romsdal
fylkeskommune

Miljøverndepartementet
Postboks 8013 Dep
0030 OSLO

FYLKESORDFØRAREN

Dykkar ref:	Dykkar dato:	Vår ref:	Vår saksbehandlar:	Vår dato:
		29467/2010/	Beate Hostad Aukan	09.06.2010

Uttale - Klimakur 2020

Møre og Romsdal fylkeskommune viser til uttale i sak U-47/10 Klimakur 2020 og gjev følgjande tilleggsuttale:

"Innhaldet i høyringsdokumentet "Klimakur 2020" synleggjer på ein dramatisk måte dei utfordringane som ligg framfor oss dersom Noreg skal nå måla i klimaforliket frå 2008 og bidra til å hindre ei global oppvarming som overstig 2 grader C frå førindustrielt nivå. Det er svært viktig at norske tiltak mot utslepp av klimagassar blir tilpassa eit internasjonalt avtaleverk, der liknande verkemiddel og blir teke i bruk i dei landa som er våre handelspartnarar og konkurrentar på verdsmarknaden.

Møre og Romsdal fylkeskommune har elles følgjande merknader til høyringsdokumentet "Klimakur 2020":

Det er heilt naudsynt med ei snarleg avklaring på nasjonalt politisk nivå om nivået på drivstoffprisar og bomtakstar i åra som kjem. Dersom satsane som vert nevnte som mogelege verkemiddel i "Klimakur 2020" skal innførast, vil konsekvensane bli dramatiske sjølv ved dei mest moderate alternativa. Store bompengefinansierte vegprosjekt i Møre og Romsdal har budsjett som baserer seg på jamn trafikkvekst. Ein kraftig vekst i drivstoffprisar og bomtakstar vil verke sterkt inn på transportmønster og trafikkgrunnlag, og dermed også forrykke det økonomiske grunnlaget for slike vegprosjekt. Det vil og bli svært vanskeleg å oppretthalde spreidd busetnad i fylket dersom prisen på drivstoff og bomtakstar skal nyttast som eit hovudverkemiddel for å nå dei nasjonale klimamåla i 2020.

Klimaskogprosjektet som er beskrive i kystskogmeldinga må få status som ei hovudsatsing i arbeidet med å oppnå nasjonale utsleppsmål på lang sikt. Miljøutvalet viser til ordninga som er innført for skogbruket i New Zealand når det gjeld eigedomsrett til klimakvotar for skogeigarar, knytt opp til forpliktande avtalar om planting og skogpleie. Ei liknande ordning er beskrive i kystskogmeldinga som økonomisk insentiv for å etablere klimaskog i kystfylka.

Dersom kommunal sektor i større grad skal nytte plan- og bygningslova for å endre busetnadsmønster og sikre utbygging av infrastruktur for ny fornybar energi, må det kome klare og forpliktande nasjonale retingslinjer for dette. Ulik praksis på dette området kan føre til auka flytting, der kommunar som vel å bruke lova aktivt, blir "straffa" med nedgang i folketalet.

Analysar og verkemiddel for innanlandske utsleppsreduksjonar.

Det er tidlegare dokumentert at det er eit stort potensiale for utsleppsreduksjonar i kommunesektoren. Fleire aktuelle tiltak i kommunane og fylkeskommunane kan ikkje kostnadsreknast med eksisterande reknemodellar, og er difor fråverande eller berre overflatisk handsama i rapporten. Møre og Romsdal fylkeskommune meiner det er viktig å analysere og utvikle verkemiddel og tiltak som kan utnytte dette potensialet for innanlandske utsleppsreduksjonar.

Miljøvenleg arealbruk.

Møre og Romsdal fylkeskommune vil peike på at eit viktig tiltak som miljøvenleg arealbruk ikkje er realitetshandsama i rapporten. Dette er grunnlagt med at det er vanskeleg å finne tal for potensialet for utsleppsreduksjon og samfunnsøkonomiske kostnader for tiltak knytt til areal og transport. Møre og Romsdal fylkeskommune meiner at dette ikkje må føre til at staten unnlet å stimulere til slike tiltak gjennom målretta verkemiddel.

Potensiale for utsleppsreduksjonar i kommunesektoren

Potensialet for sama utsleppsreduksjonar i kommunesektoren gjennom verkemiddel som kommunesektoren i stor grad eller delvis har kontroll på, er tidlegare utrekna til 50 prosent av måla for det innanlandske klimakuttet i klimaforliket. Det er likevel berre tiltak knytt til sektorane bygg, transport, jordbruk, kraftproduksjon og avfall som er rekna ut og vurdert i rapporten. Møre og Romsdal fylkeskommune meiner at kommunesektoren som samfunnsplanleggjar og koordinator på tvers av ulike sektorar kan gi meir miljøgevinst enn det som er rekna med direkte innan sektorane. Potensialet for utsleppsreduksjonar i kommunesektoren er dermed større enn det som kjem fram i rapporten.

Møre og Romsdal fylkeskommune er likevel nøgd med at det vert slått fast at kommunane og fylkeskommunane er viktige for å redusere klimagassutsleppa – og med at forslaget til statlege kjøp av lokale klimakutt vert referert som eit nytt aktuelt verkemiddel i klimapolitikken. Dette forslaget må no realitetshandsamast politisk på line med dei andre forslaga i rapporten. Verkemidla må brukast slik at den som gjer arbeidet/tek ulempene med klimatiltak også får den økonomiske vinsten.

Langsiktige kraftavtalar er ein føresetnad for all kraftintensiv industri i Norge. For å sikre ein ønska utvikling teknologisk og miljømessig kan ein ved gode langsiktige kraftavtalar bidra til modernisering og vidareutvikling av kraftintensiv industri i Norge, t.d. på Sunndalsøra.

For å sikre ein mest mogleg CO₂-fri aluminiumsproduksjon i framtida, er det heit avgjerande å stimulere denne industrien til CO₂-retta forbetringstiltak. Dette kan best gjerast ved å gje denne industrien CO₂-kompensering både på CO₂-fri vasskraft og på aluminiumsproduksjonen. Med CO₂-kompensering på aluminiumsproduksjonen stimulerer ein mao. til ei utvikling av teknologi for CO₂-fangst i aluminiumsproduksjonen.

Energieffektivisering.

Møre og Romsdal fylkeskommune viser til regional energi- og klimaplan med oversikt over potensialet i fylket når det gjeld energieffektivisering i fylket og kommunane.

Ein viser også til Enova si understreking av viktigheita og potensialet i energieffektivisering, og at det må bli betre stimulans/økonomiske incitament til dette frå sentralt hald.

- Det hastar med vedtak og gjennomføring av tiltak for å redusere klimautsleppa.
- Det er viktig at Noreg også tek sin del av klimagassreduksjonen innanlands.
- Auke i innanlands produksjon av fornybar energi og enøk er viktige tiltak, og det hastar med å få på plass verkemiddel som fører til ei nødvendig omlegging.
- Nødvendige verkemiddel – økonomiske og juridiske – for å auke kollektivtrafikken må på plass, likeins endra prising av drivstoff, omlegging til biodrivstoff og el-forsyning av transportsektoren.
- Tiltak for karbonfangst og lagring må prioriterast høgt.
- For å redusere klimagassutsleppa i jordbruket og skogbruket, må økonomiske og juridiske verkemiddel takast i bruk, og det trengs langt sterkare økonomiske incitament enn dagens ordningar for å få i gang nødvendige tiltak.
- Når det gjeld val av verkemiddel (menyar), vil vi avvente å ta stilling til dette før det er gjort grundigare vurderingar av økonomiske og samfunnsmessige konsekvensar."

Med helsing

Olav Bratland
fylkesordførar